



Sogn Regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL - Tlf: 57 62 96 14

Helse Førde
Førde sentralsjukehus

6807 FØRDE

KOPI

Sakshandsamar: Norunn Haugen , tlf: 57 62 96 14

Vår ref
07/15-1

Eining/avd/
SOGN/REG

Arkiv

Dykkar ref

Dato
04.01.2007

Helse Førde sitt budsjett for 2007-fråsegn frå Sogn regionråd

Sogn regionråd er svært uroa for at helsetenestene i Sogn vil bli relativt dårlegare enn i resten av landet dersom kuttframlegga frå klinikkane i Helse Førde vert sette i verk. Sogn regionråd sluttar seg til uttalar frå Lærdal kommune, Balestrand kommune og Nordfjordrådet i denne saka.

Sogn regionråd vil elles framheve nokre punkt og *krev at styret i Helse Førde* legg desse til grunn for sine vurderingar i budsjettprosessen for 2007:

- **Omsyn til politiske prioriteringar:** Sogn regionråd meiner at nedlegging av lokalsjukehusfunksjonar basert på budsjettkrav er i strid med Soria Moria erklæringa og vil vere eit forhasta grep sett i høve til det arbeidet som initiert av departementet, med å tydeleggjere lokalsjukehuset sine oppgåver.
- **Belastning på kommunane:** Reduksjon i fødetilbod og indremedisinske tenester ved Lærdal sjukehus fører til auka belastning på kommunane mellom anna i høve til følgjetenester for fødande og omsorg for pasientar som er kronisk sjuke eller ved slutten av livet. Dei auka kostnadane for kommunane må takast med i eit total vurdering.
- **Akuttmedisinsk tryggleik:** Sentralisering av ambulansetenesta og redusert vaktberedskapen ved lokalsjukehusa vil skape usikkerhet for innbyggjarane i fylket. Styrking av ambulansetenesta har elles vore eit sterkt argument for samordning av helsetenester mellom kommunar gjennom legevaktssentralar. Å bygge ned ambulansetenesta vil gjere det endå vanskelegare å få til samordning av helsetenester.
- **Konsekvensutgreiing:** Sogn regionråd krev at alle innsparingsframlegg som ein vel å gå vidare med, vert grundig konsekvensutgreidd før dei vert handsama av styret i Helse Førde. Dette må m.a. inkludere tilhøve som rekrutteringssituasjonen ved sjukehusa, konsekvensar for turnuslegetenesta og konsekvensar for kommunehelsetenestene. Det er til dømes høgst truleg at tiltak som sentralisering av ambulansetenesta og ytterligare svekking av akuttberedskapen kan føre til flukt av kommunelegar, og slike konsekvensar må synleggjerast. Sogn regionråd meiner at helseføretaket generelt bør ha eit ansvar for gjere heilskaplege vurderingar og sjå på dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vedtak, samt bli flinkare å informere politikarar, departement, regionalt helseføretak og innbyggjarar om desse.

Sogn regionråd er elles særst lite nøgde med Helse Førde sin tidsplan for innspel i ei så viktig sak.

Med helsing

Olav Lunden (s)
Leiar i Sogn regionråd

Norunn Haugen (s)
spesialkonsulent

Kopi til: Helse Vest, Statsråd Sylvia Brustad, KS Sogn og Fjordane